



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 09.12.2020

Ikornnes kyrkje kl. 19.30

Til stades: Erlend Lunde, Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne,
Anita Øvergård, Bergljot Hjortdal og Anita Øvergård

Sak 60/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger.

Sak 61/20 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Kommentar til sak 68/20 Flaggstang: Magnar har snakka med ordføraren vedr dette, og det er Teknisk Etat som har ansvaret for flaggheisinga.

Sak 62/20 Diakoniutval

Kristin Kjemphol Lohne var forhindra frå å møte, men vi kaller ho inn til neste møte for å få informasjon om korleis ho tenkjer angående temaet. Vi har ei liste på ti aktuelle personer vi sender over til henne – så kan ho kontakte dei sjølv om ho vil.

Sak 63/20 Arrangement i regi av kyrkja i tida framover.

Vi kansellerer både juletreffesten 5. juledag og Kyrkjedagane i februar.

Vedr. kyrkjedagane må vi sjå på mulige alternative måter å skaffe inntekt til kyrkja.

Sak 64/20 Gudstenester i jula

Her blir det påmelding og «først til mølla»-prinsippet. Ei av gudstenestene blir live-streama, så alle kan få den med seg ☺ Det er plass til 50 stk i kyrkja i tillegg til «medverkande». Kollekten vil gå til Kirkens Nødhjelp.

Sak 65/20 Rekruttering av nye medarbeidere knytt til Gudstenestene

Vi treng fortsatt fleire kyrkjevertar.

NB: Kan vi få laga eit lite skilt til kyrkjevertane så dei kan feste på seg? Hadde dette tidligare...

Sak 66/20 Orgelet i kyrkja

Det er no ca 40 år sidan dette var sett opp, og det er behov for ein omfattande service og stemming av orgelet. Rose har fått tilbud frå firmaet som leverte og monterte i si tid, og det ligg an til ein kostnad på meir enn 15.000 Euro. Dette er vel ei sak for Fellesrådet, og vi sender ho vidare til dei. Kanskje vi må sjå om det er nokon litt nærare som også har kunnskapen til denne jobben? Innhente fleire anbud...



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 67/20 Reparasjon av trapper/skifer rundt kyrkja

Arbeidet er oppstarta, men vart avslutta igjen pga «vinteren».

Sak 68/20 Peisen i kyrkjekjellaren

I forlenging av saka «Folket fry» har det kome inn forslag om å fjerne eksisterande peis og sette opp ein vedovn. No har vi fått 2 stk varmepumper i staden for ei, og «varmeproblemet» er vel stort sett kontroll på – berre pumpene er stilt inn rett... Men uansett så er det eit poeng at vi skal få tetta peisen – der er nemleg ikkje noko spjeld på den, så der går nok litt varme ut til kråkene. Og på sikt så planlegg vi å få fjerna heile peisen.

Sak 69/20 Støtte til Key-board

Vi har fått 10.000.- frå ITAF og kr 10.000.- frå Lions. Tusen takk!
Og vi venter også svar frå ein tredje søknad.

Sak 70/20 Val av leiar 2021

Magnar Vigstad tok gjenval, og dei andre funksjonane i styret blir også som før.

Neste møte: onsdag 20. januar 2021 kl 19.30 i kyrkjekjellaren.

Huskeliste:

Kollekt frå 2020 – er samla i ein stor pott og må fordelast.

Giverteneste – promotere dette i media.

Vedlikehald av uteareala: blomster / bed / parkeringsplass – kven er ansvarleg?

Skrivar, Anita Øvergård